

# Jakta på drakeegget

---

Ei gammal segn fortel at draken Eldjarn kan bli løyst frå stavkyrkja den dagen lynet slår ned i kyrkja. Då kjem han til å leite etter drakeegget, som inneheld den einaste attlevande drakejenta. Men også trollmannen Zack vil ha kontroll over henne, og haugafolket har sitt å skjule ...

Fire sysken kjem på besøk til besteforeldra på Gamlestølen og trur det skal bli ein kjedeleg sommar. I staden møter dei på både haugafolk, trollmannen og ikkje minst sjølve draken.

Debutanten Torild Dedekam budde i Valdres då ho begynte på boka, og har brukt både Gamlestølen i Etnedal og Reinli stavkyrkje som kulissar for forteljinga. Ho skriv levande og godt om korleis den yngste jenta, Emma, blir kjend med Rampe frå haugafolket, og ho byggjer opp spenninga til det tidspunktet då Emma, står på eit platå i fjellet og ser draken gå inn for landing.

Handlinga kunne ha føregått kvar som helst. Dette er kampen mellom godt og vondt i ny innpakning. Dedekam gir ungane det dei vil ha: drakar, spenning og ein god slutt. Unge meldarar som har lese boka, har gitt henne terningkast 5 og 6.

Fargeillustrasjonane til kunstnaren Per Vie har vore med på å gi liv til Rampe og dei andre frå haugafolket, draken Eldjarn, trollmannen Zack, syskena Emma, Jon, Sander og Malin, og besteforeldra deira.

Det var ikkje opplagt at tittelen skulle bli "Jakta på drakeegget", altså at boka skulle koma på nynorsk. Men Torild Dedekam og ektemannen Jan Askildsen kjenner Valdres og valdresmålet, og dei syntest at det kunne passe med nynorsk i ei bok med tilknytning til dalføret. Nils Rogn har gitt teksten ei nynorsk språkdrakt.

I tillegg var målforma eit vilkår for at boka skulle kunna koma ut på Kvitvella Forlag. Det er Nord-Aurdal Mållag som eig forlaget, og i formålsparagrafen heiter det at forlaget gir ut tekstar på dialekt og nynorsk.

Under lanseringa 1. november kunne forfattaren Torild Dedekam og sjef i Kvitvella Forlag Aud Søyland avduke den største barneboka i verda – bokstaveleg tala. Samtidig opna dei nettsida [drakeegget.no](http://drakeegget.no), der ein kan følge drakeegget vidare på ferda.